

## Referat frå årsmøte Mardal krins 25.1.2009

Leiar ønskte dei frammøtte (ca 25 personar utanom styret) velkomen og presenterte styret si årsmelding for 2008 ved hjelp av lysark.

Kasserar gjekk gjennom rekneskapan (ikkje revisorgodkjend p.d.)

Det var merknad om at årsmelding og rekneskapan bør leggjast fram skriftleg på eit eige ark på årsmøtet. Styret vil følgje opp dette gjennom innlegg i påskenummeret av Buktabladet. Årsmeldinga vil også bli lagt ut på navlen.

Aktivitetsskalendar bør leggjast ut i postkassene, i tillegg til å takast inn på buktaavlenn og i buktabladett. Dette kan gjerast samstundes som giroane med medlemskontingent blir sendt ut.

Det vart teke fram at det er viktig at giroblankettar med medlemspengar blir lagt ut i samtlege postkasser også hjå medlemmar som bur utanfor krinsen.

Ønskje om at aktuelle flaggdagar blir fastsett av styret. Kornelius Samestad er flaggansvarleg.

Etter framlegg frå styret gjorde årsmøtet følgjande vedtak:

- *Det til ei kvar tid sittande styre har fullmakt til å fastsette utleigeprisar og reglement for utleige.*
- *Krinsaktivitetar skal ha fri bruk av lokale.*

Sak om endringar av leigesatsar bør handsamast på første styremøtet etter årsmøtet.

Arne Samestad og Jan Erik Mardal stod på val. Nye styremedlemmar vart valde etter framlegg frå valnemnda:

- Odd Nilsen
- Svein Ove Langeteig (leiar)

Valnemnd:

- Jan Erik Mardal (leiar)
- Arne Samestad
- Ole Bent Søreide (held fram etter loddtrekning)

Revisorar:

- Knut K. Fitje
- Kornelius Samestad

Møtet varte 1 ½ time og gjekk over i overformell prat.

Jan Erik Mardal  
leiar